

Informasjon på nynorsk

Til foreldre om foreldreundersøkinga i barnehage

ARTIKKEL | SIST ENDRET: 10.04.2018

Kvifor bør du svare på Foreldreundersøkinga for barnehagar?

Foreldreundersøkinga gir deg moglegheit til å seie di meining om barnets trivsel og andre forhold ved barnehagen. Undersøkinga skal først og fremst brukast for å gjere barnehagen betre. Resultata danner grunnlag for dialog mellom barnehagen og foreldra om tilbodet i barnehagen.

Resultata frå undersøkinga vil også inngå i statistikk som blir utarbeidd i Utdanningsdirektoratet, og kan inngå i kommunens arbeid med kvalitetsutvikling i barnehagen.

Korleis blir Foreldreundersøkinga gjennomført?

Det er frivillig å svare på undersøkinga, men vi håper du vil svare slik at du kan hjelpe barnehagen til å bli betre.

Du kan velje å hoppe over spørsmål dersom det er nokre spørsmål du ikkje vil svare på.

Vi tek godt vare på svara dine.

Utdanningsdirektoratet er ansvarleg for at alle personopplysningar som blir samla inn, blir behandla i tråd med personopplysningslova. Når du svarer på spørsmåla i Foreldreundersøkinga, er det inga kopling til personopplysningar om deg. Det er svært strenge reglar for å vise resultata frå undersøkingane så vel til barnehagane sjølve, til barnehageeigaren og til dei statlege utdanningsmyndigheitene. Dette er gjort for å redusere faren for indirekte attkjenning av personar som har svart. Data frå undersøkinga skal aldri publiserast offentleg på ein måte som gjer det mogleg å kjenne att svara frå dei enkelte føresette.

Delar av resultatene blir publiserte på barnehagefakta.no. Data frå undersøkinga kan bli brukte til forskning. Ved utlevering av grunnlagsdata til forskingsformål blir forskarane pålagde å følgje direktoratets reglar for konfidensialitet, og dei må underskrive ei teiingslovnad.

Har du spørsmål?

For meir informasjon kontakt barnehagen din. Du finn også mykje informasjon på www.udir.no/undersokelser. Utdanningsdirektoratet: arkiv@udir.no